

VERDIDOKUMENT

SANDE KOMMUNE

Vedteke i Sande kommune styre 29.06.04



VERDIDOKUMENT

for


Sande Kommune

- Verdidokumentet er eit arbeidsgjevarpolitisk dokument for Sande kommune som klargjer visjon, kva mål vi har for arbeidsmiljø og leiarar, og korleis vi prinsipielt vil at kommunen skal framstå som arbeidsgjevar i åra som kjem.
- Arbeidsgjevarpolitikken i Sande kommune skal vere forankra politisk på eit overordna nivå.
- Dokumentet har fått sitt innhald gjennom ein brei runde med innspel frå heile organisasjonen, innspel som har vore gjennomarbeidd i leiargruppa og som har vore på høyringsrunde før ein har vedteke det i kommunestyret i sak 39/04.
- Verdidokumentet skal vere ein basis for kommunen som arbeidsgjevar, dokumentet skal danne grunnlag for utarbeiding og ajourføring av reglement og retningsliner på det personalpolitiske området. Verdidokumentet skal derfor ha ein sentral plass i kommunen sitt vidare arbeid på arbeidsgjevarsida.

Sande kommune definerer arbeidsgjevarpolitikk slik:

Dei handlingar, haldningar og verdiar som arbeidsgjevar – både på politisk og administrativt nivå- praktiserer og står for i sitt forhold til medarbeidarane.

- Verdidokumentet uttrykkjer vårt verdisyn – slik at vi både politisk og administrativ kan handle på ein måte som tener arbeidsgjevarpolitikken – og dermed både dei tilsette og innbyggjarane i Sande kommune.




VISJON

for

Sande kommune som arbeidsgjevar

Mange bra – men Sande best !

- Sande kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen skal føre ein arbeidsgjevarpolitikk som gjer at ein held på stabil og dyktig arbeidskraft. Ein skal vidare vere konkurransedyktig for å rekruttere dei beste til kommunen sine ulike tenesteområde.
- Sande kommune sin arbeidsgjevarpolitikk skal forankrast i det politiske nivå, og utøvast av kommunen si leiargruppe. Det skal leggjast stor vekt på å ha eit leiarnivå med nødvending kompetanse for å kunne utvikle og utøve rolla som arbeidsgjevar.
- Sande kommune skal arbeide gjennom lov og avtaleverk, og utarbeider eigne retningslinjer på område det er behov for det.
- For å verte oppfatta som ein attraktiv arbeidsgjevar er det viktig å arbeida for eit arbeidsmiljø prega av trivsel, ansvar, fellesskap og likeverd.




ORGANISASJONSKULTUR

i Sande kommune

”Sande kommune sin organisasjonskultur skal vere gjennomsyra av eit positivt menneskesyn”

- Dette sitatet – henta frå ein av uttalene- har kommunen valt skal vere ledestjerna på dette området. Det uttrykkjer ei grunnleggjande haldning til enkeltmennesket, og dermed medarbeidarane i vår organisasjon.
- Uavhengig av stilling eller arbeidsoppgåver er alle tilsette i Sande kommune likeverdige, og vår organisasjonskultur skal vera prega av openheit, tillit og respekt. Det gir tryggleik på arbeidsplassen – og dermed motivasjon for å yte sitt beste i jobben. I dette ligg også at vi snakkar til kvarandre og ikkje om kvarandre
- Sande kommune vil ha ein kultur der ein i fellesskap har fokus både på å yte og nyte. Dette får vi gjennom ein tydeleg organisasjonskultur med myndiggjorte og utviklingsorienterte medarbeidarar som det vert stilt klare forventningar til. Slik skaper vi best mulege resultat innanfor dei ressursane vi har til rådvelde.
- I Sande kommune vil vi leggje vekt på ein tydeleg, men uformell kultur prega av humor og trivsel.




LEIING

i Sande kommune

Sande kommune skal ha tydelege leiarar, som har ein god dialog med sine medarbeidarar for å kunne få til dei beste tenester til innbyggjarane i kommunen.

- Gjennom sitt leiarskap skal kommunen sine leiarar synleggjere kommunen sin organisasjonskultur.
- Leiarane i Sande skal utfordre og ivareta den einskilde medarbeidar på ein positiv måte.
- Sande kommune skal ha leiarar som motiverer, stiller krav, gir støtte og rettleiing, og tilbakemelding på utført arbeid.
- Leirane i Sande har eit særleg ansvar for å arbeide for ”vi-kjensla” , styrkje samhaldet og gjere ”laget” sterkare.
- Leiarane i Sande skal vere opptekne av utvikling og nødvendig omstilling for å gje innbyggjarane dei beste tenestene. Dette må utviklast i eit kontinuerleg samspel med dei tilsette og deira organisasjonar.
- I Sande kommune skal ein vere oppteken av maksimal delegering i alle deler av organisasjonen. Det vil seie at ansvar og arbeid skal liggje - og verte utført så nær brukaren som råd er.
- For å kunna oppnå gode resultat gjennom sine medarbeidarar er det viktig at kommunen sine leiarar stiller tydelege forventningar og krav.



BELØNNING- OG LØNNSPOLITIKK

i Sande kommune

Sande kommune sin lønspolitikk skal stimulere til initiativ, auka ansvar, kompetanseoppbygging og god bruk av ressursar.

- Belønnings- og lønspolitikken skal vere eit aktivt middel for å halde på og rekruttere gode medarbeidarar og leiarar i kommunen.
- Kriterier for kva som skal gje utteljing i lokale forhandlingar må vidareutviklast, og lønspolitikken må ha som mål å vere rettferdig dvs at den skal ha sakleg grunn.
- I Sande kommune er belønning meir enn løn. Godt tilrettelagde arbeidsvilkår og mulegheit for kompetanseutvikling og karriereutvikling er element det skal leggast stor vekt på for å halde på og rekruttere medarbeidarar.
- Godt arbeidsmiljø med konstruktive tilbakemeldingar skal vere ein del av den aktive belønningspolitikken.

